



Dersom det kjem vindmøller i fjella rundt Uskedalen, vil dei vera godt synlege for alle som bur her og i eit stort område rundt.

NVE har på oppdrag frå Regjeringa lagt fram Nasjonal ramme for vindkraft på land. I denne planen er store deler av fjella rundt Uskedalen utpeikt som aktuelle område for utbygging. Kvinnherad Turlag ynskjer å informera om planane og korleis dette kan koma til å sjå ut.

Gråfjell, Hauglandsfjellet, Langhaugane, Solfjell, Ulvanåso, Englafjell og Månen er utpeikt som aktuelle område.

Om det vert bygd vindmøller som denne planen legg opp til, vil det bli det største naturinngrep og øydelegging av urørt natur, som nokon gong er gjort her i landet.

Alle, som er interessert i å høyra meir om planane, vert oppmoda om å møta på Kulturhuset Husnes torsdag 28.05 kl 18.

Tekst: Pressemelding
Foto: Kjell Yri
Nett: Kristian Bringedal



Kartet syner kor i Kvinnherad det er aktuelt med vindkraftutbygging i Kvinnherad.